

# Skjåk kommune

## Skjåk barne- og ungdomsskule

### Rettleiing til føresette om korleis ein søker eller endrar SFO-plass i Skjåk kommune.


Alle elevar som ynskjer seg plass på skulen si SFO-ordning komande skuleår, må søkje innan 15.april. Dette gjeld både for dei som allereie går på SFO og nye elevar. Dei som allereie har SFO-vedtak frå før, har framleis plassen sin, men føresette må gå inn for å starta eller endre tilbudet og evt. endre dagar og tidspunkt for det komande skuleåret. All søknad, endringar og oppseiing skal gjerast i Visma Flyt Skule.

Som føresett loggar du deg inn på Visma Flyt skule foreldreportal.


Lenke og denne rettleiinga ligg på kommunen si heimeside.

Lenka er <http://skole.visma.com/skjaak>

- Klikk på Visma **Foresattportal**
- Logg inn med ID-porten
- Logg på med minID eller med BankID




Når du har logga på, kjem du inn i heimsida di. Her har du alle elevane som du er registrert som føresett for. Vel den eleven du skal søkje plass til og SFO søknad, endringer og oppsigelser



## Korleis søkje om SFO-plass for elevar som ikkje allereie går på SFO:

Klikk på "SFO søknad, endringer og oppsigelser" for den eleven du ynskjer å søkje for. Det er berre elevar som går i 1.-4.klasse det inneverande skuleåret som har denne funksjonen.



### Steg 1 av 4 –

Les viktig informasjon, tilleggsinformasjon og les Vedtektene til SFO som er vedlagt som PDF-fil. Du må bekrefte at du har lese reglane.

The screenshot shows the 'Bekreftelse av regler' (Confirmation of rules) step, labeled 'Steg 1 av 4'. It features a blue progress indicator and a list of user profiles. The main content area contains the following information:

**Viktig informasjon:**

Opningstider SFO Skjåk barne- og ungdomsskule  
 Måndag og fredag: 07.00-08.00, 12.00-16.30  
 Tysdag, onsdag og torsdag: 07.00-08.00, 13.15-16.30

- o Morgon-SFO er alltid frå 07.00-08.00, og blir rekna som ein time.
- o SFO er open kvar dag kl 07.00-16.30
- o SFO har ein deltidsplass, opp til 14 timar, og fulltidsplass 15 timar eller meir.

**Tilleggsinformasjon:**

Vel SFO-oppald i nedtrekkslista, og sett inn i tilstedeværelsen kva morgonar og ettermiddagar som de ynskjer for din unge.  
 For meir informasjon, prisar og opningstider, sjå kommunen si heimeside  
<https://www.skjaak.kommune.no/tenester/skule-og-barnehage/skjak-barne-og-ungdomsskule/sfo/>

[Last ned .pdf med reglene](#)

\*  Jeg bekrefter at jeg har lest reglene

At the bottom, there are two buttons: 'Neste' (Next) and 'Avbryt' (Cancel). The VISMA logo is visible in the footer.

## Steg 2 av 4

Vidare må du leggje inn startdato for SFO. Ynskjer du SFO-plass frå fyrste skuledag, er det denne datoen du skriv inn. Skuleruta ligg på kommunen si heimeside. Her er det og eit felt der du kan skrive inn kommentar.

The screenshot shows a web interface for SFO registration. At the top, there are three user profiles: Ola (Skjåk barne- og ungdomsskule), Snurre (X-testskole), and Daffy (X-testskole). The main content area is titled 'Startdato og kommentar' and is labeled 'Steg 2 av 4'. It contains the following fields:

- Barnets navn: **Snurre Sprett**
- \* Ønsket startdato:  (with a calendar icon)
- Foresattes kommentar:  (with a character count 'Antall tegn: 39/2000')

At the bottom of the form are two buttons: 'Neste' (Next) and 'Avbryt' (Cancel).

## Steg 3 av 4

Så vel du det SFO-opphaldet du ynskjer for din elev. Frå hausten 2023 er det endring i SFO-tilbudet på Skjåk barne- og ungdomsskule. Det er tre faste tilbod du kan velje mellom:

- Heiltidsplass som er 15 timar eller fleire i veka
- Deltidsplass som er opp til og med 14 timar i veka
- Kun morgonSFO

## Opphold og tilstedeværelse

Steg 3 av 4

\* Ønsket SFO opphold:

Velg opphold			
Deltidsplass opp til 14 timar		Kr 1550,-	
Morgenopphald (berre morgon)		Kr 700,-	
Ordinær plass frå og med 15 timar		Kr 2400,-	
<input type="checkbox"/> Velg alle etter skoletid			
Man	<input type="checkbox"/> Før skoletid	Fra kl.	<input type="text" value="00:00"/>
	<input type="checkbox"/> Etter skoletid	Til kl.	<input type="text" value="00:00"/>
		<input type="checkbox"/> Går hjem selv	
Tir	<input type="checkbox"/> Før skoletid	Fra kl.	<input type="text" value="00:00"/>
	<input type="checkbox"/> Etter skoletid	Til kl.	<input type="text" value="00:00"/>
		<input type="checkbox"/> Går hjem selv	
Ons	<input type="checkbox"/> Før skoletid	Fra kl.	<input type="text" value="00:00"/>
	<input type="checkbox"/> Etter skoletid	Til kl.	<input type="text" value="00:00"/>
		<input type="checkbox"/> Går hjem selv	
Tor	<input type="checkbox"/> Før skoletid	Fra kl.	<input type="text" value="00:00"/>
	<input type="checkbox"/> Etter skoletid	Til kl.	<input type="text" value="00:00"/>
		<input type="checkbox"/> Går hjem selv	
Fre	<input type="checkbox"/> Før skoletid	Fra kl.	<input type="text" value="00:00"/>
	<input type="checkbox"/> Etter skoletid	Til kl.	<input type="text" value="00:00"/>
		<input type="checkbox"/> Går hjem selv	

Neste

Avbryt

Når du har valt SFO-tilbod, merkar du av i tabellen kva dagar eleven skal vera på SFO. Alle opphalda er heile timar. Morgon-SFO er alltid ein time. Elles er tidene våre slik: 13.10-14.10-15.10-16.10-16.30 der den siste økta er påbegynt så den blir rekna som 0,5 t.

## Opphold og tilstedeværelse

Steg 3 av 4

\* Ønsket SFO opphold:

Deltidsplass opp til 14 timar... x

\* Ønsket tilstedeværelse:

<input checked="" type="checkbox"/> Velg alle før skoletid	
<input type="checkbox"/> Velg alle etter skoletid	
Man	<input checked="" type="checkbox"/> Før skoletid Fra kl. 00:00
	<input checked="" type="checkbox"/> Etter skoletid Til kl. 15:10 <input type="checkbox"/> Går hjem selv
Tir	<input checked="" type="checkbox"/> Før skoletid Fra kl. 00:00
	<input checked="" type="checkbox"/> Etter skoletid Til kl. 15:10 <input type="checkbox"/> Går hjem selv
Ons	<input checked="" type="checkbox"/> Før skoletid Fra kl. 00:00
	<input type="checkbox"/> Etter skoletid Til kl. 00:00 <input type="checkbox"/> Går hjem selv
Tor	<input checked="" type="checkbox"/> Før skoletid Fra kl. 00:00
	<input checked="" type="checkbox"/> Etter skoletid Til kl. 16:10 <input type="checkbox"/> Går hjem selv
Fre	<input checked="" type="checkbox"/> Før skoletid Fra kl. 00:00
	<input checked="" type="checkbox"/> Etter skoletid Til kl. 16:10 <input type="checkbox"/> Går hjem selv

Neste

Avbryt


Her er eit eksempel på ein søknad på 14 timer. Det er kvar morgon som utgjer 5 timar i veka, 2 timar måndag, 2 timar tysdag, 2 timar torsdag og 3 timar fredag – totalt 14 timar pr veka.

**Steg 4 av 4**


Sjå over søknaden din for å kontrollere, før du trykkjer "Send". Da vil du få ei kvittering på at søknaden er innsendt. Når søknaden er sendt inn, vil den bli behandla etter søknadsfristen er ute. Du kan ikkje endre på søknaden før opphaldet har starta. Om det blir behov for endringar, ta kontakt direkte med skulen så ordnar vi dette.

## Korleis søkje om endringar av SFO-plassen i løpet av skuleåret:

Klikk på "SFO søknad, endringer og oppsigelser" for eleven du vil søkje om.



Da kjem dette vindauget opp. Her har du tre valmoglegheiter. Klikk på "Gjer endringer i SFO-plassen" for å gjera endringar på SFO opphaldet.



Da kjem dette vindauget opp. Her har du to valmoglegheiter:

- Endre tilstedeværelse i et opphold. Denne brukar du om du berre skal endre dagar eleven er på SFO.
- Bytt til ny type opphold. Denne brukar du om du skal endre til eit anna tilbod, gå frå heiltid til deltid, eller berre morgonopphald for eksempel.



Ola  
Skjåk barne- og ungdomsskule

Snurre  
X-testskole

Daffy  
X-testskole

[Tilbake til SFO søknader](#)

### Endringer i SFO opphold

Ønsker du å gjøre endringer i tilstedeværelsen i et av oppholdene dine eller bytte til en ny type opphold?

Endre tilstedeværelse i et opphold


Bytt til en ny type opphold

Neste Avbryt


Gjer så **Steg 1 til steg 4** som beskrive på side 2-5 i denne rettleiaren.

## Korleis søkje om SFO-plass neste skuleår for barn som allereie har SFO:

Klikk på "SFO søknad, endringer og oppsigelse" for eleven du vil søkje om.



Da kjem dette vindauget opp. Her har du tre valmoglegheiter. Klikk på "Søk SFO plass" for å søkje om plass på SFO til neste skuleår. Merk at søknadsfrist er 15.april.




Du søker deretter på same måte som beskrive for nye søkjarar i denne rettleiinga, sjå side 2-side 5. Legg merke til at du ikkje kan søkje om overlappende opphald.




## Korleis seie opp SFO-plassen i løpet av skuleåret:

Klikk på "SFO søknad, endringer og oppsigelser" for eleven du vil søkje om.



Da kjem dette vindaugget opp. Her har du tre valmoglegheiter. Klikk på "Si opp SFO plassen" for å seie opp SFO opphaldet det inneverande året.



**Steg 1 av 3**

Stadfesting av reglane. Oppseiingstida for fast ordning er 1 måned. Oppseiingstida blir rekna frå den 15. i månaden etter at oppseiinga er levert skriftleg. Hugs å bekrefte for at reglane er lese, og trykk neste.

### Oppsigelse av SFO opphold

**Bekreftelse av regler**

Steg 1 av 3

Viktig informasjon:

Oppseiingstida for fast ordning er 1 måned. Oppseiingstida blir rekna frå den 15. i månaden etter at oppseiinga er levert skriftleg.

[Last ned pdf med reglene](#)

\*  Jeg bekrefter at jeg har lest reglene

Neste

Avbryt

**Steg 2 av 3**

Set ynskt sluttdato for oppseiinga av plassen. Legg evt. med kommentar og trykk neste.

**Oppsigelsesdato og kommentar**

Steg 2 av 3

Barnets navn:  
**Snurre Sprett**

SFO opphold:  
Deltidsplass opp til 14 timar

Startdato:  
23.03.2023

\* Sluttdato:

Foresattes kommentar:  

Sensitiv informasjon må ikke skrives inn her

Antall tegn: 0/2000

Neste

Avbryt

**Steg 3 av 3**

Sjå over for å kontrollere, før du trykkjer "Send". Da vil du få ei kvittering på at søknaden er innsendt.